

Saksprotokoll i 13.02.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Tor André Ljosland (KrF) sette på vegne av Ap, Sp, SV, MDG, KrF og V fram slikt forslag:

«Tillegg:

Nytt punkt 1

Vestland fylke står mindretallet si innstilling. Det er svært viktig at kommunane har evne til samarbeid med næringa om innovasjon og gode miljøløysingar. Ei vidareføring/justert modell av Havbruksfondet i kombinasjon med ei lokal arealavgift vil bidra til å sikra dette.»

Mark Taylor (MDG) sette på vegne av MDG Venleg følgande forslag:

«Vestland fylkeskommune tilrår innføring av ein todelt grunnrenteskatt som løner omstilling til nullutslepp/lukka anlegg og samtidig sikrar inntekter til vertskommunane. Den første grunnrenteskatten er på oppdrettsanlegg som driftar med tradisjonell open teknologi, etter prinsippet om at forureinrar betaler. Inntektene herfrå vil vere ei generell styrking av kommuneøkonomien i heile landet.

For lukka anlegg setjast ein grunnrenteskatt som er lågare. Denne går direkte til vertskommunen, og kan sjåast på som ei «festavgift» for å disponere fellesskapet sitt areal.

Fylkesutvalet føreslår derfor ei forureningsavgift betalt til staten for kvar kilo produsert laks i opent anlegg, og ein lågare avgift per kilo produsert laks i lukka anlegg som går direkte til kommunen.

Effekten av ein slik modell vil vere at det blir økonomisk fordelaktig for næringa å leggje om til lukka teknologi, og det vil gi kommunane det nødvendige incentivet til å krevje lukka teknologi som føresetnad for etablering i eigen kommune. Berre ved lukka teknologi, vil kommunen få inntekter.

Lokalmiljø, fiskarar og kystrør vil vere best tent med ei slik miljøbasert skattlegging av oppdrettsnæringa framfor eit system som lønner forureining.

Avrøysting

Mark Taylor sitt forslag fekk 1 røyst (MDG) og fall.

Tor André Ljosland sitt forslag vart samrøystes vedteke innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke innstilling til fylkesutvalet.

Forslag til innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland fylke står mindretallet si innstilling. Det er svært viktig at kommunane har evne til samarbeid med næringa om innovasjon og gode miljøløysingar. Ei vidareføring/justert modell av Havbruksfondet i kombinasjon med ei lokal arealavgift vil bidra til å sikra dette
2. Havbruksnæringa er ei av få lønsame næringar som kan gje busetting, arbeidsplassar og inntekter i dei mest distriktsprega områda innan Vestland fylkeskommune. Svekking av marginar i næringa vil bremse initiativ og investeringslyst. Vestland fylkeskommune rår difor frå eit skattleggingsregime som reduserer vilje til satsing på berekraftig havbruksvekst..
3. Fylkesutvalet meiner at det ikkje bør innførast statleg grunnrenteskatt av akvakulturnæringa, då dette kan hindre naudsynte investeringar i innovasjon for auka berekraft.

4. Vestland fylkeskommune ynskjer å stø oppunder ein variert eigarstruktur som gjev rom for både store og små aktørar. Forslaget om skattlegging av havbruksverksnæringa kan verke negativt for dei små verksemndene ved at dei i mindre grad kan flytte kostnader internt i konsern, og dermed får relativt høgare skattetrykk.
5. Fylkesutvalet meiner kommunane må sikrast føreseielege inntekter for å setje av areal til produksjon av matfisk av laks og aure, der målet er å sikre fellesskapet ein rimeleg del av verdiskapinga ved at vertskommunane oppnår stabile inntekter.